Ryfylke vassområde

# Møtereferat, arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde

Tid: 15.05.23 kl. 12.00-14.00
Sted: Digitalt møte, TEAMS (lenke gitt i førehandsinnkalling)

## Saker

Sak 01/23: Nytt frå vassområdekoordinator

Sak 02/23: «Runde rundt bordet»

Sak 03/23: Utkast til Årsrapport 2022 – Ryfylke vassområde

Sak 04/23: Utkast til arbeidsplan for 23

Sak 05/23: Framtidig organisering av vassområde

Sak 06/23 Neste møte

Sak 07/23: Eventuelt

Sak 01/21: Status for vassarbeidet, runde rundt «bordet»

## Til stades

| | | **Møtt** |
|---|---|---|
| Hjelmeland kommune | Torborg Kleppa | X |
| Gjesdal kommune | Gudrun Kristensen | X |
| Sandnes kommune | Monica Nedrebø Nesse | X |
| Sauda kommune | Øyvind Ljung | X |
| Strand kommune | Trond Leirflåt | X |
| Suldal kommune | Torill Telstad | X |
| Statsforvataren i Rogaland, landbruksavd. | Monica Dahlmo | X |
| Statsforvaltaren i Rogaland, miljøvernavd. | Ørjan Simonsen | X |
| Odda kommune | Torstein Backer-Owe | Fråfall (møter etter sak/behov) |
| Vinje kommune | Anne-Sofie B. Strømme | Fråfall (møter etter sak/behov) |
| Bykle kommune | Sigrid Bjørgum | Fråfall (møter etter sak/behov) |
| Ryfylke vassområde, sekretariat | Jarle lunde | X |

Referat er elektronisk godkjend av deltakarane i møte.

Sand 30.05.2023
Jarle Lunde vassområdekoordinator

Sekretariat:
Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand. Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no. Nettside: http://vannportalen.no/ryfylke

# Saker

## Sak 01/23: Nytt frå vassområdekoordinator

Det blei gitt ein presentasjon av overvaking i vassområde i 2022 og 2023, samt tiltak i vassområde i 2022 og 2023. Sjå vedlegg.

## Sak 02/23: «Runde rundt bordet»

<u>Sauda</u>

- Det blir truleg riving av Fosstveitdammen i Risvollelva, truleg i 2024. Søknad er sendt NVE. Vil kunne vere positivt i forhold til sedimenttransport. Må vurdere habitattiltak nedstraums dammen i samband med prosjektet.
- Det er gjennomført ei etterundersøking etter utslepp av boreslam i Risvollelva i 2021. Frå konsulent og Risvollelva kraftverk as blir det ikkje anbefalt noko direkte tiltak da det meste av finstoffet er skyldt på fjorden. Saka ligg no hjå NVE.
- Kommunen tek prøvar av badevasskvalitet også i 2023

<u>Suldal</u>

- Det blir oppstart av å ta prøvar av badevasskvalitet på offentlege badeplassar i sommar
- Etter offentleg synfaring for Ulla-Førre reguleringa hausten 2022 er det ikkje noko nytt i saka om vilkårsrevisjonar (Ulla-Førre, Røldal-Suldal)
- Det er planlagt ripping i Suldalslågen i 2023
- I samband med mogleg etablering av industri blir det no gjennomført eit større overvakingsprosjekt i Sandsfjorden der ein vil finne ut kor laksen vandre. Viktig kunnskapsgrunnlag for vidare planar.
- Skuleklassar vil også i år delta i strandrydding

<u>Hjelmeland</u>

- Forskrift for mindre avløpsanlegg er blitt endra i forhold til Hjelmelandsfjorden. Noko mindre streng enn tidlegare

<u>Strand</u>

- Tauvassdraget: Småkraft har fått frist til 1.oktober til å søke om konsesjon for eksisterande kraftverk. I samband med saka om å gjere vassdraget anadromt har det vore eit dialogmøte der Småkraft, forvaltningslag, NVE, Statsforvaltaren, kommunen og vassområde deltok.
  Det er viktig at forvaltninga skaffar eit kunnskapsgrunnlag for dagens situasjonen i vassdraget. Har fått avslag frå miljødirektoratet på søknad om midlar, mens eit har fått tilsegn frå Rogaland fylkeskommune. Vassområde saman med Norce LFI arbeider vidare med finansiering og planlegging av undersøking.

- Det er eit vassinntak i Nordvatnet (Nordstone). Må finne ut av «køyrereglar» for dette sett i forhold til vassføring i bekken ved den nye kyrka på Tau.

Sandnes

- Vil få orden på grensesetting sjø-elv i forhold til Espedalsvassdraget. Vil bruke «oppskrift» frå Gjesdal.
- Jobbar vidare med oppdatering av databasar og utarbeiding av saneringsplan for avløp. Vil ha oversikt over dei som ikkje er kopla til offentlege avløp, plan for kven som bør knytast til, og plan for kva private anlegg som bør oppgraderast. Planen skal til politisk behandling i 2023.
- Etter pålegg frå NVE fortsette tiltaksgjennomføring i Forsandsåna. Det er planta mye kantvegetasjon i 2023.

Gjesdal

- Kalking i Frafjord pågår som vanleg
- Har vore eit møte i Fagråd for Dirdalsvassdraget. Kommande tiltaksanalyse for sidebekker var eit sentralt tema.
- Venter på Rogaland fylkeskommune (vegeigar) i forhold til eit tiltak som skal gjerast i Dokkolbekken
- Kommunen skal tilsette ein person i forhold til forureining
- Undersøking av badevasskvalitet fell mellom fleire stolar, sjekkar status for 2023.

Statsforvaltar

- Overvakingsmidlar for 2023 er i stor grad fordelt
- Har praktikant som kan hjelpe til med innlegging av rapportar og tiltak i vann-nett
- Jobbar med kalking av vassdrag. Vurderingar av overvakingsresultat i forhold til tiltak. Nedtrapping (mindre midlar) av aktivitet er sentralt.
  Utover overvakingsprogram skal ein i 2023 undersøke aluminium på gjellene til fisk i Dirdal, Frafjord og Jørpelandsvassdraget.
- Det ser ut til at me får meir midlar til regionalt miljøprogram (jordbruksoppgjeret)
- Dersom det er kommunar som vil ha vassdrag inn i ordninga med kantsoner i eng så må ein melde dette inn
- Oppfordrar til å bruke SMIL midlar til miljøtiltak

## Sak 03/23: Utkast til Årsrapport 2022 – Ryfylke vassområde

Utkast til Årsrapport 2022 blei lagt fram. Ingen merknad. Tilrådd fremma for godkjenning i Ryfylke vassområdeutval.

## Sak 04/23: Utkast til arbeidsplan for 23

Arbeidsplan rullerast årleg. Utkast til arbeidsplan for 2023 blei lagt fram.
Ingen merknad. Tilrådd fremma for godkjenning i Ryfylke vassområdeutval.

# Sak 05/23: Framtidig organisering av vassområde

**Bakgrunn:**
I sak 22/19 hjå Ryfylke vassområdeutval blei arbeidet i førre periode evaluert og ein stilte spørsmål om korleis ein skal jobbe i perioden 2020-2023. I diskusjonen var det semje om at fylkeskommunen må avklare om ein framleis skal ha ei organisering med vassområdeutval og arbeidsgruppe som i dag, eller berre ei arbeidsgruppe. Det blei mellom anna vist til at

- Dei politiske avgjerdene skjer i kommunane. Vassområdeutvalet kan i stor grad berre komme med tilrådingar
- Politiske saker kan leggast direkte fram for relevant kommunalt utval (utan vassområdeutval). Dette kan gjerast av arbeidsgruppas kommunale representant saman med vasskoordinator. Arbeidet med å finne felles løysingar i vassområde gjerast i arbeidsgruppa
- For å få fram status for arbeidet, samt skape engasjement og eigarforhold til vassarbeidet, kan vasskoordinator saman med kommunal representant orientere regelmessig i relevant politisk utval. Ein kan og vurdere seminerer retta mot politikarane
- I vassområdet må ein skilje tydeleg på fag og politikk. Slik det har vore i noverande periode er det ikkje behov for mange politiske møte
- Dersom ein fortset med vassområdeutval må ein ha dedikerte politikarar som sit sentralt i relevante politiske utval. Ein må vurdere eit oppstartsseminar der ein tek for seg status for vassarbeidet, påverknadar og moglege tiltak, samt forventningar til arbeidet

No før haustens val er til hausten er problemstillinga igjen aktuell. Punkta frå diskusjonen i 2019 er høgst relevante også i 2023.

Ikkje minst er saka løfta opp av leiaren i Jæren vassområdeutval. I møtereferat i sak 18/22 står mellom anna:
*Leder av utvalget uttrykte at det neppe er mulig å komme nærmere et "supperåd" og at han følte det var pinlig å måtte kalle inn til møter der kun godkjenning av årsmelding og neste års møteplan sto på programmet, og at det var forståelig at enkelte av medlemmene meldte forfall for å prioritere viktigere oppgaver.*

<u>Rammene for organisering</u>
Rammene for korleis arbeidet skal vere organisert går fram av vassforskrifta. Jamfør § 22 skal *«den enkelte vannregion opprette et vannregionutvalg under ledelse av vannregionmyndigheten. Vannregionutvalget skal være sammensatt av representanter for vannregionmyndigheten og øvrige fylkeskommuner, statsforvaltere og andre berørte sektormyndigheter og kommuner. Representanter for berørte rettighetshavere og private og allmenne brukerinteresser skal være nært knyttet til vannregionutvalget gjennom en referansegruppe.»*

Det er ikkje noko pålegg om korleis vassområda skal vere organisert, men vannregionutvalet skal i naudsynt utstrekning gi «*rammer og veiledning for organisering og gjennomføring av arbeidet i vannområdet, og legger til rette for at dette skjer på en faglig forsvarlig måte og innenfor fastsatte frister» (§ 23).*

<u>Alternativ organisering</u>

Som utgangspunkt for drøfting har vassregionen skissert nokre alternativ for framtidig organisering.

1. *Som før: Ingen endring*

2. *Simplifisering: Holde så få møter i året som mulig, gjerne bare ett for å godkjenne årsrapport, overvåkningsprogram, arbeidsplan (og vannforvaltningsplan under rulleringsperioder)*

3. *Omorganisering. Her finnes det minst to alternativer:*
    a. *Sikre at hver kommune stiller i vannområdeutvalet med ordførere, representanter fra kommunestyre evt. formannskapet*
    b. *Bytte ut politikerne i vannområdeutvalet med administrativ ledelse fra kommunen, da helst kommunedirektør evt. teknisk sjef, kommunalsjef for plan e.l.*

4. *Nedleggelse: Vannområdeutvalet legges ned, og saker fra vannområdet må legges direkte frem for vannregionutvalget (VRU) i stedet. To politikere fra hvert vannområde må fremdeles stille i VRU.*

Basert på tidlegare drøfting i Ryfylke vassområde kan dette vere eit alternativ:

*Nedleggelse*: Vannområdeutvalet legges ned, men saker fra vannområdet legges fram for aktuelt utvalg i kommunen (som plan og miljøutvalg). Ansvarlig for dette er representant i arbeidsgruppa i samarbeid med vannområdekoordinator. Dette kan være saker som gjelder en kommune, eller saker som er felles for flere.
Dersom det er relevant, melder vannområde saker opp til vannregionutvalet.
Det må veljast representanter til vannregionutvalet.

Som del av evaluering av arbeidet i vassområde kjem det til å bli lagt fram ei sak om dette i vassområdeutvalet.

**Frå diskusjon:**

Framtidig organisering har vore diskutert hjå Statsforvaltaren. Oppsummert:

- *Vi ønsker politiske utvalg*
- *Utvalget bør bestå av ordførere, og antall møter kan reduseres*
- *Blir viktig å fylle med innhold:*
    - *Mandat fra fylkeskommunen*
    - *Midler å disponere*
    - *Politikeropplæring*
    - *Vann blir kjempestort; viktig at politikerne holder i dette*
    - *Ha mål og telle måloppnåelse*
- *Det er viktig at de faglige arbeidsgruppene opprettholdes*

Frå arbeidsgruppa blei det poengtert at

- det er viktig å skilje på fag og politikk.

- viktig med samarbeid. Fjordvatnet (og anna vatn) er interkommunalt
- dersom ein har eit politisk vassområdeutval bør representanten vere utvalsleiar i relevant utval i heimkommunen (typisk «plan og miljøutval»)
- det at ein politisk representant i kommunen har vore med i vassområdeutvalet har vore av verdi i kommunale saker angåande vassmiljø («veit kva det handlar om»)
- i framtida bør IVAR IKS vere representert i arbeidsgruppa

## Sak 06/23 Neste møte

Det blir møte i Ryfylke vassområdeutval 31.05.2023

Semje om at Teamsmøte fungere bra for arbeidsgruppa, men at ein bør også ha eit årleg fysisk møte med synfaring.

## Sak 07/23: Eventuelt

Ingen saker.